

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

SØKNAD OM FAST SKJENKELØYVE FOR TYSNESFEST

Sakshandsamar: Anders Teigen

Arkivsak : 17/115 -
Arkivkode: 614

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedlegg:

SAKSUTGREIING:

Frå Tysnesfest har me motteke slik søknad om skjenkeløyve for Tysnesfest:

«På vegne av Tysnesfest søker underteikna om fast kommunalt skjenkeløyve for ein 4. års periode for øl, vin på Gjerstad Arena og i Bermudateltet og øl, vin og brennevin i Vonheim i forbindelse med Tysnesfest.

Me søker om eit slikt skjenkeløyve i hovudsak for å kunne handla alkoholholdig drikke og eit større utval direkte frå grossist. Samt å ha ei føreseieleg i drift av festivalen.

Tysnesfest tek mål av seg å vera familiefestival nr. 1, og ynskjer å gje besøkjande eit tilbod uansett alder og interesse. Sjølv om festivalen satsar sterkt på familiebesøk, så er alkoholserving eit viktig tilbod til besøkjande og viktig for at festivalen skal bæra seg økonomisk. Ti år med god erfaring på arr. med "open" aldersgrense gjer at styret i TF satsar på same praksis i 2017. Alle under 18 må ha med seg verge/foreldrar, og med god hjelp frå både godkjende, profesjonelle vakter, politi og lag/org., sikrar me at det blir god kontroll under arrangementa.

Det er tenkt skjenking av øl og vin ved to lokalitetar, og øl, vin og brennevin ved ein lokalitet.

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl og vin er som fylgjer:

- **Onsdag**
Kl. 14:00-00:00 Show i Bermudateltet v/SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/foreldrar*
- **Torsdag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudateltet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/foreldrar*
Kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/foreldrar*
- **Fredag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudateltet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/foreldrar*
kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/foreldrar*

- **Laurdag**

Kl. 12:00 – 20:00 Show i bermudateltet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

Kl. 17:00 - 02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl, vin og brennevin er som følger:

- **Torsdag, Fredag og Laurdag**

Kl. 17:00-22:00 Artistrestaurant i Vonheim. Ope berre for artistar som står på liste.”

For Tysnesfest 2016 vart det gjeve slikt skjenkeløyve:

«”Tysnesfest» med skjenkestyrarar som spesifisert nedanfor, får i samband med ”Tysnesfest 2016”, følgjande skjenkeløyve:

Onsdag 06.07.16

19:00 – 23:00

Stad: Teltet v/Spør Våge
Skjenking: Øl og vin i tida 19:00 – 23:00
Arr.: Intim konsert/Standup show
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Torsdag 07.07.16

15:00 – 18:30

Stad: Teltet v/Spør Våge
Skjenking: Øl og vin i tida 15:00 – 18:30
Arr.: Intim konsert/Standup show
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

17:00 – 01:00

Stad: Gjerstad
Skjenking: Øl og vin i tida 17:00 – 01:00
Arr.: Konsert
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Fredag 08.07.16

14:00 – 18:30

Stad: Teltet v/Spær Våge
Skjenking: Øl og vin i tida 14:00 – 18:30
Arr.: Intim konsert/Standup show
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

17:00 – 02:00

Stad: Gjerstad
Skjenking: Øl og vin i tida 17:00 – 02:00
Arr.: Konsert
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Laurdag 09.07.16

17:00 – 02:00

Stad: Gjerstad
Skjenking: Øl og vin i tida 17:00 – 02:00
Arr.: Konsert
Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Torsdag 07., Fredag 08., og Laurdag 09.07.16

12:00 – 24:00

Stad: MS Sandnes
Skjenking: Øl og vin i tida 12:00 – 24:00

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Onsdag 06., Torsdag 07., Fredag 08., og Laurdag 09.07.16

12:00 – 24:00

Stad: MS Midthordland
Skjenking: Øl og vin i tida 12:00 – 24:00

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Onsdag 06.07.16

17:00 – 20:30

Stad: MS Sandnes
Skjenking: Øl, vin og brennevin i tida 17:00 – 20:30
Arr.: Jubileumscruise

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Fredag 08.07.16

17:00 – 19:00

Stad: MS Midthordland
Skjenking: Øl, vin og brennevin i tida 17:00 – 19:00
Arr.: Konsert

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

17:00 – 19:00

Stad: MS Sandnes
Skjenking: Øl, vin og brennevin i tida 17:00 – 19:00
Arr.: Konsert

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Laurdag 09.07.16

14:00 – 19:00

Stad: MS Midthordland
Skjenking: Øl, vin og brennevin i tida 14:00 – 19:00
Arr.: Konsert

Skjenkestyrar: Sigvard Madsen, Trond Tvedt og Eirik Dalland

Me minner om at dei som får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk også plikter å ha eit visst utval av alkoholfrie drikkevarer.

Lensmannen har gjeve følgjande uttale til søknaden om skjenkeløyve:

«Eg viser til søknad om skjenkeløyve i samband med "Tysnesfest". Isolert sett har eg ingen merknad til søknaden. Det er vel likevel på sin plass om kommunen saman med "Tysnesfest" - arrangøren evaluerer ordninga med at mindreårige har tilgang til arrangement der det vert servert alkohol på den måten me ser her.

Det har ikkje vore mykje å sei på utøvinga av skjenkinga, så langt eg veit, og dei to siste åra har me ikkje hatt tilfelle av rusa mindreårige.

Det er likevel slik at mindreårige etter at dei er sleppte inn, fritt kan opphalda seg i heile skjenkeområdet.

Det er ein risiko som det i alle fall er god grunn til å tenkja gjennom ein gong til etter at praksisen no har vore prøvt nokre år.»

Det er ein føresetnad at det vert oppsett så mange vakter at ein kan hindra at personar under 18 år nyt alkohol.

I Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012 går det fram m.a. følgjande:

2.11 *Aldersgrense på offentlege arrangement som kan få einskildløyve etter alkoholova §1-6 vert sett til 18 år.*

2.12 *Det vert ikkje gitt dispensasjon frå retningslinjene i planen.*

Kommunestyret har i møte 18. juni 2013 gjeve rådmannen fullmakt til å kunna gje dispensasjon frå retningslinene i planen. Rådmannen har då etter ei totalvurdering funne i dette tilfelle å kunna gje dispensasjon slik at det ikkje vert stilt krav om aldersgrense ved arrangementet.

Me bed om tilbakemelding etter arrangementet om omsetnad slik at me kan fastsetja skjenkegebyr.»

Barneverntenesta i Tysnes kommune har følgjande merknad til søknaden:

«I høve søknaden har barneverntenesta følgjande merknader:

Stiftinga «Tysnesfest» søker kommunen om fast skjenkeløyve for ein periode på 4 år til arrangement utan nedre aldersgrense. Det vert lagt opp til at barn under 18 år har tilgang til arrangementa i følgje av ein vaksen over 18 år. Ut over dette kjem det ikkje fram av søknaden kva føringar festivalarrangøren legg på umyndige deltakarar eller deira føresette. Ut frå eit barnevernfagleg perspektiv er det ikkje tilrådelig med ein kombinasjon av alkoholservering på eit arrangement der born og unge under 18 år har høve til å delta. Det vert i denne samanheng vist til barnevernlova § 3-1 der kommunen sitt ansvar for forebyggjande verksemd i høve born og unge er fastslege; «Kommunen skal følge nøye med i de forhold barn lever under, og har ansvar for å finne tiltak som kan forebygge omsorgssvikt og adferdsproblemer».

Det er flott at festivalen er lagt opp som ein «familiefestival», men for å oppretthalde dette konsptet, bør ein ikkje vere avhengig av at alle arrangement er open for alle aldersgrupper. Ei løysing vil kunne vere å leggje ein av konsertdagane på Gjerstad Arena opp til born og unge under 18 år, men utan servering for så å tilby servering på dei øvrige kveldsarrangementa men med 18 års aldersgrense.

Det er liten tvil om at eit slikt arrangement medfører auka risiko for at born og unge under 18 får tilgang til alkohol, at dei debuterer tidlegare enn dei elles ville ha gjort, og at born og unge vert usett for press til å innta alkohol. Trass i at arrangøren viser til gode erfaringar, er det kjent at fleire mindreårige får tilgang til alkohol i samband med serveringa under festivalen. Det er også erfaring på at føresette/foreldre som har ansvar for mindreårige nyter alkohol på ein slik måte at dei ikkje er i stand til å ivareta borna. Dette har ein også erfaring på.

Barneverntenesta si tilråding er at dersom kommunen går inn for skjenkeløyve slik som omsøkt, må der leggjast føringar på korleis dei mindreårige skal ivaretakast, samt på forventningar til føresette som har ansvaret for dei.

Det bør mellom anna vere mogleg å ha tilgang til å komme seg inn og ut av festivalområdet utan å måtte bevege seg blant vaksne berusa mennesker.

Vidare kan eit tiltak vere at føresette som har ansvar for mindreårige, får eigen farge på festvalbandet sitt og vert nekta servering inne på området.

Tysnes barnevernteneste har dei 4 siste åra vore aktivt til stades under festivalen og har i tillegg frikjøpt ein heim under festivalen som har stått i beredskap til å ta imot born/unge dersom det har vore behov. Denne ordninga vart etablert etter at ein tidlegare år hadde erfaringar på at born ikkje hadde ansvarlege vaksne til å ivareta seg.

Anslagsvis har kommunen hatt meirutgifter med denne vaktordning på 20-30 000 kr pr år, noko som kjem i tillegg til meirutgifter på anna bereskap kommunen stiller med.

Vidare baserer mykje av drifta til festivalen seg på vakthald frå frivillige. Ein slik vaktberedskap sikrar ikkje tilstrekkelig oppfølging av ivaretaking av sårbare grupper. Det vert oppmoda om at arrangøren i større grad kvalitetssikrar dei ulike vaktene gjennom opplæring av faste rutinar. Det vil kunne oppstå krav om at vakter grip inn ovanfor uheldige situasjonar som involverer born og unge, og det er viktig med gode rutinar for å kople born og unge opp mot hjelpeapparatet der dei vert ståande utan vaksne til å ivareta seg. Arrangøren må også ha moglegheit til å avvise enkelte personar som ynskjer å stille som vakt då ikkje alle er like godt eigna til ei slik oppgåve.»

Me har hatt evalueringsmøte med Tysnesfest, sentraladministrasjonen, kommuneoverlege, barnevern og lensmann. Det kom der fram at det har vore eit godt samarbeid mellom desse ulike instansane i samband med det årlege arrangementet «Tysnesfest». Alle var samde om at me må byggja vidare på dette gode samarbeidet. Me opplever at Tysnesfest tek mot innspel på ein konstruktiv måte. Noko som Tysnesfest vil prøva å få tilpassa for komande sesong, er eigen inngang for barnefamiljar.

Dette gjeld skjenkeløyve til eit stort arrangement. Det er også mange besøkjande på dei ulike tilstellingane. Me ser dei prinsipielle sidene som barneverntenesta peikar på, men me kjem etter ei samla vurdering til at me likevel kan tilrå søknaden. Dette under føresetnad om at søkjar legg til rette for at uheldige følgjer mht mindreårige ikkje oppstår. Me nemner her for ordens skuld at etter Alkohollova § 1-8 kan skjenkeløyve inndragast ved eventuelle brot på lovreglane som forbyr skjenking til mindreårige.

Me har lovbestemt alkoholkontroll der Securitas undersøker om regelverket vert overhalde. Erfaringane med Tysnesfest på dette området så langt har vore gode.

Det som er spesielt med denne søknaden, er at det er open aldersgrense og at søknaden ikkje berre gjeld for eit år, men for 4 år. Då dei andre skjenkeløyva vart gjevne, vart dei gjort gjeldande til 30. september 2020, ut frå at eit nytt kommunestyre då står fritt til å handsama nye søknader på desse. Bakgrunnen for at Tysnesfest no søker om løyve for 4 år er at grossist stiller krav om eit løyve som går over minst 4 år om dei skal få høve til å tinga alkoholhaldig drykk direkte frå grossist. Me vurderer det slik at løyve kan gjevast for 4 år.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Stiftelsen «Tysnesfest» med Sigvard Madsen som skjenkestyrar og Øystein Vaage som reservestyrar, får i samband med det årlege arrangementet ”Tysnesfest”, følgjande skjenkeløyve, gjeldande fram til og med 30. september 2020:

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl og vin er som fylgjer:

- **Onsdag**
Kl. 14:00-00:00 Show i Bermudatelet v/SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Torsdag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
Kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Fredag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Laurdag**
Kl. 12:00 – 20.00 Show i bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
Kl. 17:00 - 02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl, vin og brennevin er som fylgjer:

- **Torsdag, Fredag og Laurdag**
Kl. 17:00-22.00 Artistrestaurant i Vonheim. Ope berre for artistar som står på liste.

Me minner om at dei som får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk også plikter å ha eit visst utval av alkoholfrie drikkevarer.

Då det ikkje vert stilt krav til aldersgrense ved arrangementa, føreset me at det vert lagt til rette med tilstrekkeleg vakthald m.m. slik at ein kan hindra at personar under 18 år nyt alkohol. Dersom omsyn til mindreårige krev det tek kommunen atterhald om moglegheit til å påleggja aldersgrense på arrangementet.

Søklar må gje tilbakemelding etter arrangementet om omsetnad slik at kommunen kan fastsetja skjenkegebyr.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

